

Stort turistbesøk i helga.

24.07.2017



Mykje gjester i båthamna i helga.

Vi kan sjå tilbake på ei helg med strålende og varmt sommarver, og det har resultert i svært stort besøk av tilreisande i bygda. I båthamna var det svært mykje båt, og båtlagsleiar Hans Gustav Mussland kan fortelja at det som var av ledige båtplasser var opptatt. Det var også ein del store gjestebåtar å sjå.



Mykje folk på Rabben Feriesenter i helga

Også overnatningsstadene melder om godt besøk. Magne Heggøy som driv Rabben Feriesenter, seier at turistane poppa opp i det fine veret. I tillegg til i hyttene og dei faste vognene, var det mange som budde i bobilars, campingvogner og telt. Tyskarar og nordmenn var det som dominerte, men det var også gjester frå m.a. Sveits, Spania og Holland. Det breie smilet fortalte at at campingdrivaren trivst med slike helger.

På Dønhaug Gjestegard hadde det også vore fullt belegg heile helga. Magne Huglen fortel at det har vore fleire grupper med til saman over 20 amerikanarar. No er det også folk frå Belgia, og i løpet av dagen ventar dei ei gruppe frå Saudi-Arabia. Han fortel at det blant amerikanarane var klatrarar. Desse var på vanleg tur på Ulvanåso då dei ikkje hadde klatreutstyr med seg. Dei var heilt begeistra og lova å koma tilbake med klatreutstyr. Elles er tilbakemeldingane alle får på naturen heilt topp.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.